DAGENS GJEST

# «Kom dykk opp av hengemyra»

**BJØRN EGIL FLØ**

ÆRLIG TALT



**Dei omtalar seg** som The Survivors, altså overlevarane, og utgjer omlag halvparten av bondestanden frå 1985 – året då New Zealands finansministeren Roger Douglas fjerna landbrukstilskota nærmast over natta. Fram til då vart det meste av det Kiwiane produserte eksportert til England, men no gjorde EU-reglementet sitt til at dei ikkje fekk nyte godt av det tvilsame privilegiet å vere del av The Commonwelth med garanterte marknadsandelar.

**Ruth Rainey** frå Canterbury, nærmare bestemt frå mjølkedistriktet Timaru sør for Christchurch, meinar det var kjenneteiknande at bøndene som satsa var i 20 åra. – Ungdommeleg overmot gjorde at me krumma ryggen og stod på. Det vart ikkje kjøpt anna enn basisvarer på femten år, fortel ho, og legg til at det var eit helvete og at ho aldri ville gjort det same i dag.

**Mange er** imponerte av det Kiwibøndene har greidd. Kvar dag les ein i avisene om utlendingar som vil lære. Og det er bøndene sjølve dei lyt lære av, for verken finansministeren eller nokon andre i det politiske systemet gjorde noko for å få landbruket på føtene. Så seint som i 1989 stod finansministeren sjølv på talarstolen og fortalte bøndene her at dei representerte ei næring i solnedgang, ei næring som aldri igjen ville vere ein vesentlig bidragsytar til økonomien.

**I dag står** landbruket for 16,6 prosent av BNP, noko som endatil er ein vekst frå midten av 1980-talet då det låg på noko over 14 prosent. Førebels tal så langt i år syner at landbruket truleg vil stå for over helvta av New Zealands eksportinntekter.

**Nøkkelen til** suksessen er diversifisering, seier Charlie Pedersen, leiar for Federated Farmers of New Zealand, og oppfordrar sine kollegaer i EU å kome seg «opp av subsidie- hengemyra» og starte å gjere ein real jobb. – Det kan ikkje vere tilfredsstillande å gå rundt som leiglendingar for europeiske landbrukspolitikarar, meiner han.

**Under «subsidietida»**, som dei kallar åra før 1985, var her omlag 72 millionar sau i landet, no er ein nede i under 40 millionar. Store delar av sauen er no bytta ut med anna og langt meir effektiv produksjon, noko som gjer at dei produserar langt meir kjøt enn før. Samstundes har det frigjorte areal vorte nytta til vin bær og frukt. I tillegg dominerer New Zealand verdas nisjemarknadar av hjort, geit, struts og lama.

**Suksessen har** gitt oss ei farleg kjensle av å vere uovervinnelege, seier Barry Manderson med ei skeptisk mine. Han er 52 år og driv mjølkebruk utanfor Timaru. 680 kyr kjem innom mjølkestasjonen to gongar dagleg, men det er langt frå nok til å møte framtida. – Eg har dobla produksjonen to gongar sidan eg kjøpte bruket av far i 1983. Innan neste brukar er klar for å ta over reknar me med enno ei dobling.

**Mange er tydeleg** uroa over kvar dette skal ende, intensiviteten er snart på linje med den du finn i USA og EU. Det er også bakgrunnen for at Charlie Pedersens gjekk til frontalangrep på miljøforvaltinga for ei tid tilbake: – Det var ikkje eit Federated Farmers utspel, det kan einast tolkast som eit desperat utspel frå ein desperat mjølkebonde. Charlie og mange med han ser ikkje korleis dei skal kunne auke produksjonen utan at dette får konsekvensar for jord og vasskvaliteten, fortel Manderson.

**I dag står landbruket for 16,6 prosent av BNP, noko som endatil er ein vekst frå midten av 80-talet då det låg på noko over 14 prosent.**

**Det er mogeleg** at det New Zealandske landbruket er ein suksess for pengeteljarane, men det utlandske delegasjonar aldri får vite, er at dei stemnar nettopp den same leia som resten av det intensive landbruket i verda.

**Bjørn Egil Flø er forskar ved Norsksenter for bygdeforskning og studerer for tida det rurale New Zealand**



**NEW ZEALAND:** Store delar av sauen er no bytta ut med anna og langt meir effektiv produksjon, noko som gjer at dei produserar langt meir kjøt enn før. Samstundes har det frigjorte areal vorte nytta til vin bær og frukt, skriv Bjørn Egil Flø.

FOTO: GUNNHILD SINDRE

**REPLIKK**

Flere debattinnlegg finner du på side 30

# Halv moms på varmekilder

Frp fremmer nå forslag i Stortinget om at staten bør halvere moms på alle varmekilder man kan benytte til oppvarming i hjemmene. Det betyr at det ville blitt billigere å kjøpe nye vedovner, pelletskaminer og varmepumper og rimeligere å installere solvarmepanel og lignede. Ordningen må være teknologinøytral, slik at den enkelte husholdning kan velge den energikilden som er best, og ikke bare velge ut fra den sittende regjerings favoritteknologier, som i år er pelletskaminer og dyre varmepumper.

Dagens situasjon med kraftkrise hvert tredje år er ikke akseptabel. Vi må slippe å komme i situasjoner der folk blir usikre på om det blir nok strøm til vinteren og hva den vil koste. Lys og varme i de norske hjem er per i dag langt på vei basert på elektrisitet. Dagens vanskelige kraftsituasjon gjør at Stortinget bør legge til rette for økt bruk av alternative energikilder. Det vil forenkle hverdagen til både folk og byråkrater hvis man har et system med momsreduksjon, i stedet for byråkratiske støtteordninger. Det er også mer «rettferdig» da en momsreduksjon vil komme alle til gode, mens støtteordningene så langt bare har hjulpet en utvalgt del av befolkningen.

Det er liten tvil om at vi trenger økt utbygging av strømproduksjon, og Frp har fremmet en rekke forslag om nettopp det. Halv moms på alle oppvarmingskilder i husholdningene er like fullt et viktig bidrag både for å hjelpe husholdninger så vel som til å bedre kraftbalansen. Nå håper vi på støtte fra de andre partiene, det er kanskje litt vanskeligere.

**Ketil Solvik-Olsen, energipolitisk talsmann, Frp**

**NATIONEN.NO**

**Per Olaf Lundteigen (Sp) mener Telenor må deles opp slik at staten igjen får ansvaret for utbygging av teleinfrastruktur i hele Norge. På Nationen.no har vi spurt leserne om Telenor bør deles opp.**

**Her er svarene:**

Ja: 66%

Nei: 31%

Vet ikke: 3%

Totalt antall stemmer: 351

**Hver dag finner du avstemninger og meningsmålinger om aktuelle temaer på nationen.no. Klikk deg inn og stem!**

NATIONEN

Postboks 9390 Grønland
0135 Oslo

**Besøksadresse:**
Schweigaardsgate 34 A
www.nationen.no

**Sentralbord:**
Telefon: 21 31 00 00
Fax: 21 31 00 90
Redaksjonen etter kl. 16.00: 21 31 00 25

**Sjefredaktør/daglig leder:**
Tove Lie
Direktenummer: 21 31 00 40
tove.lie@nationen.no

**Magasin- og kulturredaktør:**
Britt Sofie Hestvik
Direktenummer: 21 31 00 65
britt.hestvik@nationen.no

**Politisk redaktør:**
Erling Kjekstad
Direktenummer: 21 31 00 20
erling.kjekstad@nationen.no

**Nyhetsredaktør:**
Sveinung Engeland
Direktenummer: 21 31 00 35
sveinung.engeland@nationen.no

**Samfunnsredaktør:**
Pernille Huseby
Direktenummer: 21 31 00 45
pernille.huseby@nationen.no

**Administrativ redaktør:**
Carl Hamre
Direktenummer: 21 31 00 16
carl.hamre@nationen.no

**Trøndelagskontoret:**
Hans Bårdsgård
Mobiltelefon: 911 98 998
hans.baardsgaard@nationen.no

**Debattredaksjonen:**
Gunhild Aaslie Soldal
Direktenummer: 21 31 00 31
gunhild.soldal@nationen.no

**Abonnement og distribusjon:**
Hverdager fra kl. 08.00 til 15.00
Tlf: 800 80 199
Fax: 21 31 00 92
abonnement@nationen.no

**Annonser**
**Direktenummer: 21 31 44 44**
annonser@nationen.no

Rubrikkannonser:
Hverdager fra kl. 08.00 til 16.00
Tlf. 61 35 98 29
Tlf. 61 35 98 30
Fax: 61 35 98 40
annonser@nationen.no

pressens faglige utvalg PFU

**Nationen arbeider etter Vær varsom-plaktens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale bes ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige utvalg (PFU) er klageorgan som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål. PFU holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40. Epost: pfu@presse.no**